Det er sikkert korrekt når dei hevdar at Lyngdal er «Handelssenteret i regionen».

I den samanheng høver det å nemne «Året som gikk, sett med skjeve blikk», som er skriven i ein humoristisk-sjølvvironisk tone.

«Barneåra på Høyland» av Tobias Høyland er midt i blinken i eit årsskrift. Her får vi mellom anna vite når det elektriske lyset kom til garden, når personbilen og radioen kom. For seinare generasjonar blir dette verdfull lesnad. «Ei anna tid» av Aslaug Stenbråten held seg i same spor. Hennar siste setning er: «Mi hadde i alle fall tid til å tenka, - tenk det.»

Artikkelen «Bedstefar fortæller om livet ved fjorden» av Theodor Vilshammer er som historisk aktstykke om gamle dagar særst instruktiv. Her kan ein verkeleg lære mykje om tilhøva på ein liten gard i gamle dagar, mellom anna ser vi at dei skjelna mellom brød og kake, med ein annan definisjon enn den i våre dagar, og om korleis dei baka i gamle dagar. Ikkje rart at det smakte godt også utan pålegg.

Innimellom tek forfattaren oss med på ein avstikkar til Danmark for å understreke skilnaden mellom dansk og sørlandsk landbruk. Vilshammer har også teke med bilete av «bedstefar», av eit kvernhus og av seg sjølv saman med barnebarnet. Det eg saknar i denne elles så instruktive artikkelen, er nokre årstal.

Men den artikkelen som likevel gjer det sterkaste inntrykket på meg, er den om predikanten Gustav Ballestad frå Rosfjord. Det meste av stoffet her er henta frå boka til Jens Rognsvåg: «Gustav Ballestad - Røsten frå Rosfjord. Eg har sjølv høyrte desse eminente talarane for mange år sidan.


Elles i «Lyngdalsboka» er det fleire artige småartiklar. Fint er det også

at dei på siste sida presenterer eit kart som syner oss kvar gardane ligg i Lyngdal kommune.

På framsida er det eit fargefoto frå Stuestøl, og på baksida ser ein dei gamle bruene på Åtland. Boka (heftet) er særst tiltalende.

Lyngdal historielag kan godt vedkjenne seg dette årsskriftet, som er på 65 sider. Ein kan tinge «Lyngdalsboka» på denne adressa: Postboks 121, 4575 Lyngdal. Ha nokre fine stunder ved å lese denne!

**Arve Aarrestad**



# Årsskrift 2007 frå Hægebostad sogelag

**Hægebostad sogelag har kome med eit nytt årsskrift, det niande. Det har fint trykk og mange tydelege og gode foto.**

**Eg skjønar at Hægebostad har eit aktivt styre med leiar Torger Kvåle. Vel fortent fekk han kommunens kulturpris for 2007. Han har redigert årsskriftet og har skrive fire av stykka på innhaldslista. Både arkeologi, samtidshistorie, planteliv, bruhistorie og ymist anna frå bygdelivet har fått plass i skriftet. Så her er det noko for mange slags smak!**

## HÆGEBOSTAD SOGELAG

ÅRSSKRIFT 2007



Ein godbit er etter mi meining stykket av fylkesarkeolog Frans-Arne Stylegar: «Bjørumsfunnet - nye oppdagelser om et gammelt funn.» I den store Rishaugen eller Kongshaugen på Bjørum, berre få kilometer frå Snartemo, grov dei for eit par hundre år sidan, og gjorde fleire funn frå folkevandringstida. Deriblant var eit sverd med gulldekt handtak. Dessverre kom dette bort. Ei segn vil ha det til at det ligg på havsens botn. Nå har F-A Stylegar gjort undersøkingar, som syner at så ikkje er tilfelle, men at den danske historikaren P. F. Suhm, som levde på 1700-talet, i si tid hadde praktstykket «i bevaring».

Eg nemner med det same at bak i årsskriftet finn du ei liste med tidlegare skrifter som kan skaffast. Der står m.a. «Snartemofunnene i nytt lys», redigert av Frans-Arne Stylegar. Ei særst interessant bok, som fleire burde lese og skaffe seg!

Årsskrift 2007 har som føreord eit oversyn over hendingar i bygda siste år. Dette er ikkje så vanleg i historielagssamanheng, men det har mye for seg. Samtida er òg ein del av historia vår, både kulturliv og næringsliv. Her finn du positivt nytt om musikkliv og gardsturisme, men au ei negativ hending: kroken på døra for butikkdrift på Snartemo. Til samtidsstoffet må ein òg rekne eit fyldig referat frå «Villblomedagen» av Torfinn Normann Hageland. Frå bøkene hans veit vi at han har god greie på planteliv, og han melder her om mange funn. Ei samling av ordtak og hermer er eit morosamt innslag, samla av Thyra og Oddfrid Bjærum.

Til slutt: Både Torfinn Normann Hageland og Torger Kvåle skal ha ros for det språklege. Alle stykka deira er skrivne på eit smidig og velforma nynorsk. Midt i blinken!

**Bjørn Slettan**



# «Orkan og Stilla»

**«Orkan og Stilla» er ei praktfull bok om Fedas seglskipsflåte på alle hav. Av og til er det slik at tittelen ikkje held kva han lovar, men slik er det ikkje i denne boka.**

Ei får verkeleg god innsikt i kva den vesle kystbygda har hatt å seie for folket som bur ved sjøen; dei har til alle tider vore arbeidsame og framtidsretta. Dei voks opp ved sjøen, og når gutane hadde vorte konfirmerte, tok dei seg hyre og kom på den måten ut i verda. Så dei små kystsamfunna lik Feda var ikkje isolerte frå resten av verda. Mange av dei kom seinare heim og slo seg ned på heimstaden, der dei dreiv fiske og kanskje dreiv eit lite gardsbruk ved sida av.

Som det står i innleiinga, så er boka eit oppslagsverk over perioden frå omkring 1850 til 1950, og er inndelt i kapittel med oversikt «over alt fra småskuter, de lokale rutebåtene og til de største rederiene på Feda».

Dei tre store reiarlaga i Feda til familiane Bøgvald, Larsson-Fedde og Simon A. Sande åtte fleire seglskip som sysselsette mange menneske i den vesle kystbygda, noko som hadde store ringverknader i lokalsamfunnet. Denne seglskipstida hadde si glanstid fram til 1910, då motorskipa etter kvart utkonkurrerte den gamle flåten. Fedagutane måtte ta seg hyre hos dei store reiarlaga som hadde kunna modernisere flåten.

Såleis tok faren til forfattern av boka, Birger Larsson-Fedde, hyre i rederiet Brøvig i Farsund, der han avanserte til kaptein. Den 9. april 1940 låg han med DS «Cate Brøvig» i Narvik, der mannskapet redda overlevande frå det senka panserskipet «Norge». Larsson-Fedde blei i 1944 arrestert av tyskarane, og sat på Grini til frigjeringa. Så bar det ut til sjøs att, og han stod fram til 1961 i same reiarlaget.

Då hadde han halde på sidan 1909 då han byrja i kystfart med Feda-skøyta «Vanse». Dette er berre eitt døme på yrkeskarrieren til ein frå Feda.

Boka inneheld livslaupe til mange menneske frå denne kystbygda. Vi les om mange krigsseglarar, får greie på kvar dei var under krigen, og kva for skip dei var mannskap på. Det er skrivne om femten av dei - med bilete. To omkom under krigen: matros Ivar Fløtre og fyrbøtar Peder Andreas Teistedal. Båe fekk Krigsmedaljen post mortem i mai 1946. Også 28 skipsførarar er nemnde, det er bilete av dei saman med nokre ord om kvar einskild. På den måten kjem dei oss nær, det talar til kjenslene våre.

Dei postførande lokalruteskipa DS «Torrisdal», DS «Kvina» og DS «Kvina 2» er det vorte plass til, og i samband med dette er det sett inn mange interessante bilete, og forfattern har til og med funne fram til namna på personane, noko som gjer det enda meir forvitneleg for ettertida.

I det heile er biletaterialet særst fint, så folk i lokalmiljøet ville ha mykje att for å studere denne boka. Torbjørn Larsson-Fedde, som sjølv er av Fedætt, har vore rette personen til dette arbeidet. Interesse hans for lokalhistoria er stor, og han veit å finne dei rette kjeldene.

Ein treng berre å ta ein titt på den siste sida, så finn ein mange interessante kjelder, dersom ein skulle ønskje å setje seg meir inn i stoffet. Som pensjonert sjøoffiser har nett Larsson-Fedde vore rette mann. Takka vere han og Kvinesdal Historielag har Feda fått eit verk som er noko utover det vanlege.

Eg vert alltid imponert over kva dei førre generasjonane kunne utføre når eg les slike bøker. Eg lurar berre på kvifor utsnittet av draftet ikkje er teken frå kysten Lindesnes-Åna-Sira, det hadde vore meir heimsleg.



# Sånn var det


Årbok for Arendal Historielag 2007

**Denne siste årboka til Arendal er på heile 196 innbundne sider, og er den trettande årboka i rekka. Komiteen har gjort eit godt arbeid, og det er ei mangfaldig bok der det burde vere noko for ein kvar smak.**

Innhaldet spenner frå gamle grenser og grense-reguleringar, via Henrik Wergeland på Torungen og posthushistorie, til skulehistorie og kulturhistorisk senter. Og mykje, mykje meir. I tillegg er det godt krydra med bilete av både eldre og nyare dato. Det er umogleg å skulle skrive noko om alle artiklane i boka, men eg har vald ut eit knippe eg tykkjer peikar seg ut. Berre desse seier noko om det breie spekteret i årets årbok.

Den fyrste eg vil trekke fram er Karl Ragnar Gjertsen sin artikkel om det kortvarige livet til Barbu kommune. Det er den kommunen i Aust-Agder med den kortaste levetida, på berre 24 år! Gjertsen skriv godt, og ein treng ikkje ha noko særleg forkunnskap for å lese artikkelen hans. Han tek for seg tunge saker og innvikla historie, men krydra med små strøtankar hist og her vert det ei fryd lese, og ein tek seg i å interessere seg for struktur, oppbygging og avvikling av ein kommune ein knapt har høyrd om. Visste de til dømes at dette var den fyrste gongen i Noreg at ei byutviding skjedde ved kommunesamanslåing?

Ein annan særns god artikkel er Harald Olsen sin om ein av Noregs fyrste og mest kjende Kina-misjonærar Karl Ludvik Reichelt (1877-1952). Artikkelen gjev eit godt bilete av kristenlivet i Arendal på 17- og 1800-talet, før han går over til å handle om Reichelt. Det er i hovudsak barne- og ungdomsåra hans det vert fokusert på, men det vert òg utførleg fortald om arbeidet i Kina, som m.a. skulle føre til danninga av Den Nordiske Kristne Buddhistmisjon i 1926. Det var ikkje alle forunt å reise til «Midtens Rike» for over hundre år sida, men allereie i 1903 drog Reichelt ut som NMS sin fyrste til dette eksotiske området. I tillegg til vanlege misjonær oppgåver, studerte han kinesisk språk, kultur og religion, og reiste mykje rundt i landet. Reichelt var på mange måtar forut si tid, og m.a. innsåg han at viss ein vil kommunisere med ein framand



kultur, så må ein kjenne den kulturbakgrunnen ein kommuniserar mot.

Den siste artikkelen eg ynskjer å dra fram, er «Fra Comediehus til funkissal» av Roar Skolmen. Han skriv levande om historia til Arendal Teater, eller Comediehuset, fram til Saga kino sto ferdig i 1938. Dette skulle bli banen til Comediehuset, og etter andre verdskrigen då det vart nytta til lager for tyskarane, sto den staselege bygningen til nedfals til han vart riven i 1953. Han hadde då vore ein del av bybiletet på nedre Tyholmen sidan 1811! Men innanfor rammene til Comediehus og Kinematograf fortel Skolmen historia til foreldra sine; hotelleigaren Einar og den vakre skodespelaren Ada. Det er som henta ut av ein film! Og om det vanta «happy ending», var det flust nok innhald i det korte ekteskapet dei hadde til slutt. Skolmen skriv underhaldande, og artikkelen er vorten både lærerik og morosam på same tida.

Eg kunne trekke ut mange, og helst alle artiklane frå «Sånn var det 2007». Eg valde ut tre særns gode, og som seier mykje om det breie temaspekteret i årboka. Det er ei bok som er god å lese av fleire grunnar: ho er interessant, mangfaldig, det er vorte gjort nøye korrekturlesing, boka er oversiktleg, og heilskapen er god. No er det ofte slik med ei samling einskildartiklar at alle ikkje er like spanande for alle. Men det er nett det som er så fint, for då finn alle noko dei vil like!

Olaf Moen

# Glimt fra Lindesnes

**Så er Glimt fra Lindesnes igjen i de lokale butikkhyller, med ikke mindre enn 19 interessante historiske artikler om livet opp gjennom tidene i landets sørligste kommune.**

Som seg hør og bør har åpningen av den nye Spangereidkanalen, med besøk av både konge og dronning og europeisk blått blod, fått hedersplassen. Det vil si fargebilde på omslaget med klappende dronning og ordfører på hver sin side av en avduket minnebauta. Rundt dem smilende fjes av Europas kongehus og blide sambygdinger. For det var en dag med internasjonalt snitt i Spangereid den 5. juli i fjor.

Fylkeskonservator Frans-Arne Stylager går så tilrette med den første Spangereidkanalen som med meget usikker tidsangivelse må eller kan ha eksistert en eller annen gang i tidsrommet fra romersk jernalder eller folkevandringstiden. Eller for den mindre bevandrede udi benevelser av historiske tidsepoker – førstnevnte varte fra år 0 til år 400 og sistnevnte frem til ca. år 800 når vikingtiden overtar.

John Møll tar for seg historien mer detaljert. Begge forfatterne maler sine bilder av begivenhetene med nokså bred pensel, og avslører med det at ganske mye av historien egentlig er blåst bort med sanden som begravde den mulige kanal sammen med landhevingen frem til 1000-tallet. Møll omtaler de ikke mindre enn seks forsøkene på å grave en ny kanal som skulle trygge sjøverts trafikk rundt det farlige nes, frem til svensken Oluf Tingbrand fikk dannet et kanalselskap som omsider fikk vannvei i vellinga! Eller gjorde han det? Redaksjonen skriver i en kommentar at det ikke ble noe kanal på Tingbrands initiativ, bare at kanaltraceen ble inntegnet i kommunens reguleringsplan. Men når? Få, men gode bilder og interessant tekst er ikke alltid nok. I tillegg til et utgammelt kart som antyder den fordums kanal kunne redaksjonen ha kostet på seg et moderne kart med navn og detaljer som knapt så lokalkjente lesere kunne orientere seg i. Så her er opplegg for en ny, stor og interessant artikkel. Ingen tvil om at Spangereidkanalen etter hvert vil nå høyt på listen over sørlansk underverk. For det er det!

Blant de mange hyggelige og interessante artiklene bet jeg meg spesielt merke i Tanja Røskar Reeds lærerrike innføring i Hvordan



best ta vare på våre familieklenodier. Den burde være pensum både i barne-, ungdoms- og videregående skoler pluss gjengis i landets samtlige historietidsskrift og dertil sendes som TV-program minst en gang i året! Så alt for mange klenodier blir sett på som noe gammelt lort og kastet. Noe havner heldigvis på loppemarkeder og i gjenbruksbutikker, hvor folk med forstand i hodet kan få dem til en billig penge. Men historien går da tapt. En annen fare er sand- eller glassblåsning for å modernisere, og dermed ødelegge, de gamle ting. Artikkelen forteller noe prinsipielt om å ta vare på tingene og bør følges opp med spesifikke detaljer og prosesser.

Her er halvannet hundre sider med lesestoff, godt fortalt av interesserte og dyktige mennesker. Heftet i år kommer for 27. gang, og med flere fargebilder enn jeg kan huske fra tidligere år. Godt er det – en sober og fin trykksak som styre og redaksjonskomité har all ære av. Det har vært et år med mange aktiviteter, og la oss håpe at henvendelsen til kommunen lykkes: Om å få på plass igjen Kjeddningsteinen på Vestheia i Vigmostad som Mesta har fjernet. Hva skulle nå det være godt for?

Per Gundersen




# Lødig og flott års- skrift fra Landvik

**Det er alltid mer interessant å lese om menneskene bak begivenheten enn om selve begivenheten. Det synes jeg er den røde tråd i Landvik Historielags bind V, hefte 4 • 2007, Liv i Landvik. Gjennom 16 artikler fordelt over 90 tekstsider blir vi kjent med en rekke mennesker og familier, deres liv og levnet, opplevelser og livsvilkår. Godt skrevne artikler av lokale forfattere som kan sine ting og med et godt grep om pennen.**

Historiene spenner fra kong Harald Olafsen til vår egen tid og gir noen fine glimt av mennesker og begivenheter. Her blir deler av Agders rolle i utviklingen satt i sammenheng med den historie vi har lært å kjenne fra skole og annen litteratur. I noen av artiklene er det ord som plikt og forsakelse som sniker seg frem i bevisstheten. Ord vi nok rynker på nesa av i dag, men som var sentrale livsegenskaper for de som gikk foran oss i århundrenes kø. Verken Gunhild, som Anne Marie Aarak portretterer, eller Ruth, som vi blir kjent med gjennom Leif Atle Beislands penn, danset på roser gjennom livet. Teresie Arnevig skriver om Mitt barnsdoms hjem, Lonebu, en veiløs gård to-tre kilometer forbi Kiland i Øvre Landvik. Slit og strev styrte dagen, men de hadde det trygt og godt. De unge måtte ut og tjene hos fremmede, også Teresie.

Men det handler også om fest og glede, om samhold i det vesle bygdesamfunnet Landvik. Om åker og eng, dyr og bygninger.



En spesielt rikt illustrert artikkel har Arne Kristian Skiftenes skrevet om Ytre Østerhus, gnr. 79 – det eldste huset på Molland med våningshus fra midten av 1600-tallet og som i restaurert stand fikk bygningsvernprisen i 2004. Igjen har Landvik Historielag og redaksjonsnemnda med Marit Møretrø i spissen levert et lødig og flott årsskrift som vi bøyer hodet og tar av oss hatten for.

# Årsskrift nr. 16 fra Christianssands Byselskab

**Årsskrift nr. 16 fra Christianssands Byselskab er igjen i bokhandlernes hyller og fyller en pensjonert Skippergadas gutt med glede og forventning.**

I et wergelandsår er det naturlig at det er nasjonalhelten og dikterhøvdingen Henrik som er gjennomgangsfiguren sammen med den wergelandske slekt helt frem til både politimester Oscar Wergeland Frank, som av Heimefronten i 1944 ble utsett som politimester i Kristiansand når freden kom. Og den senere bilsakkyndige i byen, Sjur Thorleif Wergeland. I sin artikkel om Wergelandslekten og Kristiansand trekker Edvard A. Brøvig linjene frem til våre dager. Det gir nåtiden et verdifullt perspektiv som binder fortid og nåtid sammen.

De fleste artiklene i årets skrift omhandler fullt og helt eller har innslag om det wergelandske, naturlig nok. Utover det har Torfinn N. Hageland tatt for seg både Grimsbrødrane og Tjuvhelleren på Groheia og en høyst aktuell historie om Værforandringer i Kristiansand – faktisk helt tilbake til vikingtiden. Vi møter Olav Tveit, politimann og heimefrontmann som forteller om sitt liv i krig og framover, om hans møte med Ole Wehus, som han voktet under rettssaken som endte med dødsdom og henrettelse. Etter krigen kom han tilbake som politimann i Kristiansand, og er blitt en del av byens historie, selv om han er født og båret i Treungen, som det heter.

Peter Valeur er igjen frempå med pennen. Den tidligere konservator setter, så vidt jeg forstår, seg i den gode dikter Henriks sted på sokkelen i Wergelandsparken og gir til beste dikterens Bekymringsfulle Betragtninger. I ortografi og versefod som den hederkronte neppe ville ha misbilliget, står han med hevet panne.


Skiønt mit Blikk er sterkt fordunkled  
der til forn mit Øye funkled,  
des formedelst ad Cementum-  
Excrementes; Maage-Due-Spurve graa,  
Aqua acidus derpå.

Og den store humanist tenker også på sine

sokkelsatte medlidende honoratiorens i byens parker med fuglelort i hår og panne, til det ender i Kap. IV og herr Andreassen, Oluf Severin. Men med et annet lydende. Om det får du lese på side 37. Han må jo ennå, dessverre, nøyes med å bli husket gjennom ord og muntre streker på gulnet papir.

Hva mer? Inger-Dordi Østmo er forfatter av et par av Wergelandsartiklene. Leif Torstveit skriver om Camilla Collett, Arild Smith-Tønnessen om Østre Strandgate 100 år etter, og Helge E. Refsnes om Den skjulte historien om 3 gutter. Hva savner jeg så i et Wergelandsår? Dikteren. Ikke bare lyrikeren, men først og fremst dramatikeren Henrik Wergeland. Han skrev flere skuespill enn Ibsen, og mange av de sitater som vi ynder å tilkjenne verdensberømmetheten som skapte det moderne teater, stammer fra Henrik Wergeland. Her trenger vi noen nye plogskjær i den lokalhistoriske åker. Historien om den glemte Wergeland, den forsømte dramatiker.

Selvfølgelig er det med årsberetning om hyggelig aktivitet og regnskap med mangesifret overskudd. Et levende byselskab, nesten i pakt med sin tid: For hadde det ikke vært en tanke å få noen fargebilder også inne i heftet? Jeg vet at trykkeriet får det til! Men løp og kjøp, folkens. Det er ennå vintermørke nok til trivelig lokalhistorisk fordykning.



Per Gundersen

# Imponerende verk om Aust-Agders skipsfart


**Det ligger et krafttak bak årets bok fra Aust-Agder kulturhistoriske senter både i arbeid og økonomi. Aust-Agder Arv 2007 er viet fylkets skipsfartsarv, og rommer ikke bare lokalhistorie, men faktisk også en snipp av verdenshistorien.**

Skip fra rederier i Grimstad, Arendal, Tvedestrand – ja, faktisk alle Aust-Agders byer og omegnskommuner pløyet verdenshavene og hadde kanskje verdens største tonasje på kjøøl fra en så liten kyststripe.

I alt 15 fyldige og velskrevne artikler brer ut et historisk teppe som rekker fra vikingstid til den nære fortid som puster oss i nakken. Her kommer bilder opp i våre lesende fantasi fra slag og kapringer, fra hvalfangst og linjefart, storm og stille, seil og motor, damp og diesel. Vi møter skolevesenet gjennom skipsradioskolen og sjømannsskolen i Arendal. Hvem skulle en gang ha trodd at skipsradiotelegrafisten som yrke ikke ble mer enn ca. 50 år gammel?

En artikkel er viet de gamle rederimerkene og hva som gjorde at disse merkene på skorstein og flagg ble som de ble. Oppsiktsvekkende nok dukker svastikaen opp. Rederiet A. Chr. Hein & Søn ville tilkjenne sin tyske herkomst med et hvitt, skråttstilt og speilvendt hakekors på rød bunn med en H sentrert i korsets sentrum. Symbolet betyr egentlig lykkebringer. Det kunne man saktens trenge som sjøfarende, og selv om det for oss nordmenn betydde tragedie og ulykke gjennom fem lange krigsår, er det gjennom historien brukt som religiøst symbol i store deler av Østen og stammer opprinnelig fra India. Svastikaen er i dag brukt i Finlands forsvaret og av presidentskapet.

Det ble mye om en liten detalj. Her er mer enn nok å fordype seg i for den sjøfarstinteresserte leser. En imponerende mengde gode



bilder følger artiklene, her er statistikker og oppgjør om lønn og levevilkår for sjøens folk og reiseruter. Her er en egen artikkel om sjøfolks sykdommer og helseplager. Arendal var i sin tid landets rikeste by, fortelles det, med en fjerdedel av landets samlede tonasje samlet innenfor fylkeskommunens grenser!

Hadde det bare vært i vår tid! Lykke til med lesningen. 15 artikler, 340 velredigerte sider, fremragende bilder både i stort/hvitt og farger som det lukter salt sjø og tauverk av. Her ligger det mange gledestimer foran oss som er stolte av våre sjøfolk og deres historie gjennom tidene, deres gleder, lidelser og opplevelser under fremmede himmelstrøk.

**Per Gundersen**



# Innkalling til årsmøte i Agder Historielag 12. april 2008

**Agder Historielag kallar inn til årsmøte på Evjemoen (i Evje og Hornnes kommune), laurdag 12. april 2007. Møtelokalet er Majorstuen, (tidlegare Obersten Kurs og Selskapslokaler) i den tidlegare militærleiren, inngang ved hovudporten Sør.**

## **Det førebelse programmet for dagen er:**

1. Årsmøtet byrjar kl. 11.00 med ein kort velkommentale av leiar Beint Foss. Allsong. Musikkinnslag. Nils Voie Johansen vil halde føredrag om Kristian 4des gullgruver i området rundt Arendal.
2. Frå kl. 12.00 vert det ein time med føremiddagsmat (varmmat), der kvar av dei framførte lokallaga kan få høve til å vise fram sine siste produksjonar på eigne «stand». Sjølv om Agder Historielag sponsar det meste av serveringa, så vil det i år som i fjor vere ei deltakaravgift på 50,- kr. å beta-

le for kvar årsmøtedeltakar/utsending.  
3. Kl. 13.00 byrjar me på den fastlagde saklista. Ved normal framdrift bør årsmøtet vere slutt kl. 15.00.

## **Sakliste:**

1. Val av møteleiar.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av 2 personar til å skrive under protokollen.
4. Årsmelding, sjå s. 28-29.
5. Rekneskap 2006, sjå s. 30-31.
6. Vedtekter.
7. Innkomne saker.
8. Budsjett.
9. Val.

Når årsmøtet er heva, vil det vere høve for dei framførte til å kome med ymse innspel og informasjon om tilskipingar i eigne lag m.m. Det ville dessutan vere hyggeleg om dei ulike historielaga hadde med seg materiell/årsskrift som dei la fram for sal/presentasjon under årsmøtet.

## **Natur - Kultur - Tradisjon** **Kurs og opplevingsferie i Støyledalen i Bykle**

Du vert invitert til kurs og opplevingsferie i Holskrone i Støyledalen i Bykle. Vert er Olav M Holm som vil lære deg om planter og tradisjonar i Setesdal. Her vert servert tradisjonsmat og smaksprøver av m.a krekling-, mjørdurt- og rosenrottdrikk. Me vil kome over i kvilepuls, gå rusleturar og fjellturar for å sjå på blomar, støylar og historiske plassar, nyte solnedgangen ved Urevatn, intimkonsertar med folkemusikk og foredrag om lokal kulturhistorie om kveldane.

Det er lagt opp til 1–5 dagars opplegg, hovudsakleg 3 dagar om helga og dagsturar i veka. Det er 10 sengeplassar med dyner, ta med sengetøy. Ei helg kostar 1500 kroner ink. mat. Vertinne- og matansvarleg er Anne Grete Haugå.

Meir info på [hovden.com](http://hovden.com) og [vafa.no](http://vafa.no)

### **Påmelding og info:**

Kristin Haugeland - Tlf. 95 24 66 98 - E-post: [haugeland.kristin@gmail.com](mailto:haugeland.kristin@gmail.com)  
Olav M Holen - Tlf. 37 93 96 45 - 99 72 26 76

# Årsmelding 2007

*Tillitsvalde i 2007-2008 har vore:*

## **Styremedlemer:**

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar.  
Anders Auen Grimnes, Vestre Moland og Lillesand Historielag, nestleiar.  
Per Iversen, Mandal Historielag, styremedlem.  
Hallvard Tveit, Valle Sogelag, styremedlem.  
Ragnhild S. Larsen, Flekkefjord Historielag, styremedlem.  
Jan Arild Andersen, Stokken Historielag, styremedlem.  
Turid Bjerkenes, Holum Historielag, styremedlem.  
Sveinung Lien, Tvedestrand Historielag, styremedlem.

## **Varamedlemer:**

Helge Wiig, Holum Historielag.  
Else Berit Berge, Birkenes Historielag.

Liv Kirsten Rolland, Tveit Historielag.  
Kari M. Bruli, Kvinesdal Historielag.  
Olaf Ingebretsen, Vennessla Historielag.  
Torhild Austad, Bygland Sogelag.  
Ellen Ledaal Gjertsen, Arendal Historielag.  
Jan A. Ommundsen, Tromøy Historielag.

## **Valkomitéen:**

Ellinor Lundberg, Arendal  
Jordis Hodnemyr, Vennessla  
Olav Arne Kleveland, Evje  
Per T. Knudsen, Kristiansand.

## **Revisor:**

Ettersynet av rekneskapen er gjort av fylkesrevisjonen i Vest-Agder.

## **Skrivar:**

Borghild Løver, Lindesnes

# Verksemda i laget

## **Styret**

Det har vore 4 styremøte og 41 saker til handsaming i 2007. I tillegg har leiaren og sekretæren hatt møte mest kvar veke heile året.

## **Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarande 20% stilling.

## **Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2007 vore i tredje høgda i Mållagsbygget midt i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker evt. avtale kontorgjesting. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

## **Årsmøtet 2007**

Årsmøtet vart halde i «Majorstuen» på Evjemoen laurdag 14. april 2007. Det var møtt fram 41 direktemedlemer og lokallagsrepresentantar. Olaf Ingebretsen frå Vennessla

kåserte om jernbana fram til 1938, medan Rita Flottorp framførte tradisjonsrike songar. Kontingentaue var ei av sakene på saklista, og årsmøtelyden gjekk samrøystes inn for å auke årskontingenten frå 220 til 250 kr.

## **Medlemsutvikling**

Agder Historielag hadde 846 medlemer den 31.12.2007. 37 av desse var lokallag. Den store nedgangen i medlemstalet er dermed unngått.

## **Årsskriftet 2007**

Årsskrift nr. 83 vart sendt ut i byrjinga av desember 2007 og var på 298 sider. Årsskriftet vart trykt i 1400 eksemplar, og er eitt av dei mest omfattande i lagets historie. Tema denne gongen var: Museumsvesenet på Agder, sosialhistorie (kriminelle barn, uekte barn og barnevandringar) og krigshistorie. I redaksjonskomitéen sat Beint Foss, Johnny Haugen, Marie T. Sørensen og Borghild Løver.

## **Egde**

Medlemsbladet EGDE kom ut i to nummer i 2007. Redaksjonen for dette bladet var Borghild Løver og Beint Foss. Bladet vart trykt i 1000 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

## **Internettside**

Internettsida til Agder Historielag har diverre ikkje vore oppdatert i 2007 på grunn av ressursmangel.

## **Årsskriftkatalog/-register**

Registeret er på 32 sider og inneheld titlane på alle artiklane som er publisert frå 1914 og fram til i dag. Katalogen er digitalisert og vil vere mogleg å finne på heimesida etter kvart. Dette arbeidet er gjort av Hallvard Tveit i Valle. I tillegg har han digitalisert ALLE årsskrifta frå 1914 til og med 1948, slik at ein etter kvart skal kunne få høve til å sjå dei digitalt.

## **Sturla Ertzeid**

Historielaget var på tampen av året i ferd med å ferdigstille eit dvd-prosjekt om og med Sturla Ertzeid, filma av fotograf Lars Emanuel Egeland frå Kvinesdal. På denne måten vonar historielaget å få festa den rike forteljartradisjonen og –måten til Sturla til film og slik ta vare på dette for komande slekter.

## **Løylandprosjektet**

Boka om folkeminnesamlaren Jon Løyland er på trappane; den kjem antakeleg ut i 2007.

## **Agders Historie**

Det er kome ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.).
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem truleg i 2009.

I komiteen for Agdersoga sit Ingeborg Fløystad, Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Anne Tone Aanby, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek.

## **Annan aktivitet/samarbeid**

Agder Historielag skipa i samarbeid med andre til Agderseminaret på AAKS 12. og 13. okt., digitalt fotoseminar på Strand Hotell Fevik 27. oktober og «Arkivenes dag» på statsarkivet i Kr.sand 10. nov. I tillegg er historielaget sterkt medverkande til realiseringa av ei eiga brukargruppe av Bentsens hus og har hatt fleire møte saman med kommunen og dei interesserte i året som har gått.

## **Økonomi**

Medlemskontingenten for 2007 var på 220,- kr., altså uendra. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 75.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 0 i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit underskot på kr. 37.729 kr i 2007, som fordeler seg på kr. 12.609 som gjeld Agdersoga og kr. 25.120 som gjeld vanleg drift. No skal det seiast at all porto og arbeidshonorar er lagt inn i drift – òg den som har gått med til utsending av Agdersoga.

På lager har me ståande ei mengd bøker som sjølv sagt utgjør ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av kontoret. For fleire detaljar, sjå rekneskapsoversyn og revisjonsmelding.

## **Oppsummering**

Historielaget har halde ein høg aktivitet òg i 2007. Sjølv om ikkje nettsida er vorten oppdatert, så er digitaliseringa som vart gjort av årsskrifta heilt frå 1914 og fram til 1948 eit utruleg viktig arbeid. Styret legg ned ein god og viktig innsats for laget, og har vore representert på 100-årsfesten til Søgne Historielag, oppstart av nytt historielag i Greipstad, historielagsmøte i Ny-Hellesund og på årsmøtet til landslaget. Beint Foss er dessutan varamedlem til styret i landslaget.

I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til: Kristiansand kommune, Posebymarknaden, Christianssands Byselskab, Fortidsminneforeningen og Wergelandselskapet, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og fylkeskommunane.

**Kristiansand, februar 2008**  
**Styret i Agder Historielag**



# Resultatregnskap 2007

	Regnskap 2007	Busjett 2007	Regnskap 2006
<b>INNETEKTER</b>			
Kontingent medlemmer .....	168040	160000	154118
Kontingent lokallag .....	23518	20000	17710
Tilskudd V-A fylke/drift .....	75000	75000	70000
Tilskudd V-A fylke/Agdersoga .....	50000	50000	50000
Tilskudd A-A fylke/Agdersoga .....	50000	50000	50000
Salg Agdersoga .....	120695	25000	9982
Salg årsskrift .....	6180	1000	1345
Salg tingbøker o.a. ....	430	1000	2755
Salg annonser .....	13850	10000	6300
Andre inntekter .....	1873	13000	12825
Refusjon m.v.a. ....	8240		
<b>Sum inntekter .....</b>	<b>517826</b>	<b>405000</b>	<b>375035</b>
<b>UTGIFTER</b>			
Administrasjon/sekretær .....	62480	65000	84016
Husleie/strøm .....	36108	36000	13773
Telefon/bredbånd .....	357	(inkl.husleie)	6151
Drift hjemmeside .....	1224	4000	0
Kontorrekvisita .....	2865	1000	2028
Aviser/tidsskrift .....	1805	2000	2370
Porto og postboksleie .....	50387	40000	38630
Trykking Egde .....	24050	25000	29300
Trykking årsskrift .....	86000	75000	73000
Trykking etc. Agdersoga .....	199400	70000	100000
Møteutgifter Agdersoga .....	22657	30000	84122
Diverse utgifter Agdersoga .....	11247	1000	743
DVD-prosjekt Sturla Ertzeid .....	0	5000	0
Kontingenter/gaver/annet .....	2638	3000	2890
Årsmøte Agder Historielag .....	6225	10000	10136
Årsmøte Landslaget .....	5958	10000	0
Kjøregodtgjørelse/møter styret .....	10448	15000	11956
Regnskap/revisjon .....	6688	15000	19203
Jon Løyland-prosjekt .....	20500	0	0
Arbeidsgiveravgift tidligere år .....	5555	0	0
<b>Sum .....</b>	<b>556592</b>	<b>407000</b>	<b>478318</b>
<b>FINANS</b>			
Omkostninger bank .....	763	1000	1944
Renteinntekter .....	-2293	-3000	-5191
Renteutgifter .....	493	0	0
Sum .....	-1037	-2000	-3247
<b>Sum utgifter .....</b>	<b>555555</b>	<b>405000</b>	<b>475071</b>
<b>RESULTAT .....</b>	<b>-37729</b>	<b>0</b>	<b>-100036</b>

**OPPSPLITTING RESULTATREGNSKAP****DRIFT**

Inntekter .....	297131	265053
Utgifter .....	322251	290206
<b>RESULTAT .....</b>	<b>-15120</b>	<b>-25153</b>

**AGDERSOGA**

Tilskudd Aust- og Vest-Agder fylker .....	100000	100000
Salg bøker .....	120695	9982

<b>UTGIFTER .....</b>	<b>233304</b>	<b>184865</b>
-----------------------	---------------	---------------

<b>RESULTAT AGDERSOGA .....</b>	<b>-12609</b>	<b>-74883</b>
---------------------------------	---------------	---------------

<b>RESULTAT TOTALT .....</b>	<b>-37729</b>	<b>-100035</b>
------------------------------	---------------	----------------

# Balanse 2007

	2007	2006
<b>BANKINNSKUDD</b>		
Kto. 3000.20.36165 drift .....	233901	37100
Kto. 3000.14.30730 prosjekt .....	40759	30384
Kto. 3000.13.76191 kulturreiser .....	10240	10211
Kto. 3000.17.73697 drift Agdersoga .....	5248	386
Kto. 3000.17.73700 plassering Agdersoga .....	66050	166414
Kto. 3000.07.24099 skattetrekkskonto .....	4722	9421

<b>SUM BANKINNSKUDD .....</b>	<b>360917</b>	<b>253916</b>
-------------------------------	---------------	---------------

Utestående fordringer: Til gode annonsering årsskrift .....	8100	0
---	------	---

<b>SUM EIENDELER .....</b>	<b>369017</b>	<b>253916</b>
----------------------------	---------------	---------------

<b>EGENKAPITAL .....</b>	<b>-180547</b>	<b>-280582</b>
--------------------------	----------------	----------------

<b>UDISPONERT UNDERSKUDD .....</b>	<b>37729</b>	<b>100036</b>
------------------------------------	--------------	---------------

<b>SUM EGENKAPITAL .....</b>	<b>-142818</b>	<b>-180546</b>
------------------------------	----------------	----------------

**SKYLDIG SKATTETREKK OG OFFENTLIGE AVGIFTER**

Skyldig forskuddstrekk .....	0	-4500
Skyldig arbeidsgiveravgift .....	0	-371
Skyldig arbeidsgiveravgift feriepenger .....	0	-1099

<b>SUM SKYLDIG SKATTETREKK OG OFFENTLIGE AVGIFTER .....</b>	<b>0</b>	<b>-5970</b>
---	----------	--------------

Skyldige feriepenger .....	0	-7800
----------------------------	---	-------

**FORSKUDDSSINNBETALTE KONTINGENTER**

Forskuddsinnbetalt kontingent medlemmer .....	-67720	-59380
Forskuddsinnbetalt kontingent lokallag .....	4064	-220

<b>SUM FORSKUDDSSINNBETALTE KONTINGENTER .....</b>	<b>71784</b>	<b>-59600</b>
--	--------------	---------------

Forskuddsinnb. tilskudd Vest-Agder fylkesk. (DVD Sturla Ertzeid) .....	30.000	0
--	--------	---

**KORTSIKTIG GJELD**

Trykking årsskrift .....	86.000	0
Honorar sekretær .....	51320	0
Diverse gjeld .....	7095	0

<b>SUM KORTSIKTIG GJELD .....</b>	<b>-124415</b>	<b>0</b>
-----------------------------------	----------------	----------

<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL .....</b>	<b>-369017</b>	<b>-253916</b>
---------------------------------------	----------------	----------------

✂ – Klypp ut – ✂

# Verv ein ny medlem

## Årskontingent kr. 250,-

### Ny medlem:

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

Den nye medlemen får tilsendt årsskriftet til Agder Historielag, medlemsbladet Egde og prislite, i tillegg til informasjon om laget og innbetalingsblankett.

Den som vervar ein ny medlem kan velje eitt av skrifta under som vervepremie (kryss av):

- Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686
- Eit årsskrift etter eige val (nokre er utselde, sjå prislite)
- Odelsmanntalet 1624 (kjeldeskrift)
- Kristiansand bytingsprotokoll nr. 1, 1670
- Mandal tingbok nr. 1-2, 1677 og 1684 (i ei bok)
- Stortingsmann Ole Fuglestedt.
- Verv 3 nye medlemmer og få eitt eks. av Agdersoga (Agders Historie)

### Verva av:

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

 **Agder Historielag**  
Lokalhistorie siden 1914

**SEND KUPONGEN TIL:  
AGDER HISTORIELAG  
POSTBOKS 136  
4662 KRISTIANSAND**